



**Stølsheimen  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Stølsheimen verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Fjordsenteret  
5745 Aurland

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3129

fmv/post@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

Ståle Hirth  
Myrkdalsvegen 664  
5713 Vossestrand

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2021/5291-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 07.04.2021

## **Dispensasjon - Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - motorferdsel med snøscooter**

Sender vedlagt delegert vedtak frå Stølsheimen verneområdestyre.

### **Informasjon om klagerett**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Statsforvaltaren i Vestland  
SNO Aurland  
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og  
Raudafjell  
Voss herad

Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

Postboks 145 5701 VOSS



| Utval                        | Delegeringssak (DS) |
|------------------------------|---------------------|
| Stølsheimen verneområdestyre |                     |

## Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - motorferdsel med snøscooter

### Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre 05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Ståle Hirth får løyve til å transportera materiale med 1 snøskuter frå rv. 13 i starten av Sendedalen til Holmavatnet perioden frå 7. april til og med 24. april 2021. Transporten er i samband med vedlikehaldsarbeid på hytta og transport av ved.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 2 turar (tur/retur) ein dag mellom rv.13 og Holmavatnet. Det kan køyrast 1 tur med snøskuter frå Myrkdalen over Finnbufjellet for å koma til Holmavatnet og rv. 13.
- Dersom det er mogleg skal transporten samordnast med anna transport i Sendedalen.
- Av omsyn til friluftslivet, bør det ikkje køyrast på søndagar.
- Det skal køyrast etter den vanlege køyretraseen inn Sendedalen.
- Snøskuterkøyringa skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av materiale. Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Dersom det er villrein i området må transporten stoppast, eller køyreruta leggjast om for å unngå møte med villreinen. Av omsyn til villrein skal transporten gjennomførast som snart som råd, og helst innan 10. april.
- Køyrebok skal fyllast ut før turen startar. Køyrebok og dette løyvet skal vera med under transport.
- Det skal sendast skriftleg rapport eller retur av køyreboka til sekretariatet innan 1. juni 2021. I rapporten skal det vera med opplysningar om dato for transport og tal turar.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta, og at det i tillegg på innhentast naudsynt løyve til motorferdsle frå Voss kommune og grunneigarar i området.



## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:


- Søknad om løyve til transport av materiale med snøskuter til Sendedalen, søknad datert 30.03.2021

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

Ståle Hirth, bror til grunneigar Jorunn Hirth, søker om å få køyre med snøskuter for transport av ved og materiale til reparasjon av hytta ved Holmavatnet i Sendedalen. Hytta fekk skadar etter dei store snømengdene sist vinter. Det er særleg utstikk på tak som er øydelagt. Hytta høyrer til gnr. 277, bnr. 12 i Myrkdalen.

Det vert søkt om å køyre frå Mørkve i Myrkdalen, over Finnbufjellet til Holmavatnet med ved, frå Holmavatnet til rv. 13 for å henta materiale ved vegen, og tilbake til Holmavatnet. Søker opplyser at snøskuteren står på Myrkvestølen, og det er utfordrande å få den transportert ned til bygda på grunn av lite snø. Det vert difor søkt om å køyra over Finnbufjellet til Holmavatnet. Søknaden gjeld transporten i tidsrommet 1. april til 25. april 2021.



Kart med køyretrase. Kopi frå søknad

## Lovgrunnlaget

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «nautsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre» jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (mnl.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



## Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld transport av materiale til hytta/stølshuset ved Holmavatnet i Sendedalen. Hytta er eigd av grunneigar Jorunn Hirth. Ho har stølsrett i området, men nyttar ikkje området i landbrukssamanheng. Broren Ståle Hirth søkjer om transport på vegen av grunneigar.

Hirth skal reparera skadar på takutstikk på hytta. Reperasjonane skal ikkje føra til endringar på fasaden på bygget. I fylgje verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde er vanleg vedlikehald med tradisjonelle materialar ikkje søknadspliktig. Dersom tiltaket vert meir omfattande enn vanleg vedlikehald, må det sendast søknad om løyve til tiltaket frå Stølsheimen verneområdestyre.

Det er positivt at bygningane vert tatt vare på og nytta. Stølshusa er ein viktig del av kulturlandskapet i Stølsheimen, og er ein del av verneverdiane. Transport av materiale og utstyr i samband med bygging, eller når særlege grunnar tilseier det, er tiltak det kan gjevast løyve til etter verneforskrifta. I forvaltningsplanen er naudsynt transport av materiale, ved og gass til stølshusa vurdert til å vera i tråd med reglane i verneforskrifta.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan og rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Stølsheimen er ein del av Fjellheimen villreinområde, og villrein nyttar området nær Sendedalen og Grøndalen heile året. Det er ikkje kjende registreringar av forstringsflokkar i Sendedalen og Mørkves-Grøndalen i år, jf. informasjon frå SNO. Det er likevel viktig å avgrensa motorferdsle i området til naudsynt transport for å unngå uro av villreinen som kan vera i området. Dette er spesielt viktig på ettervinteren som er ei særleg sårbar tid for villreinen. Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell har i sin kommentar til tidlegare saker påpeika at Sendedalen kan vera sårbart område. Dette er eit viktig trekkområde for villrein der dei kryssar rv. 13. Transportruta frå rv. 13 til stølane er forholdsvis kort, og villreinnemnda oppmodar difor om at det vert køyrt fleire turar pr. dag for å redusera dagar med motorferdsel. Villreinnemnda påpeikar at dette området er eit svært viktig trekkområde for villreinen gjennom heile året. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vart vurdert som godt for og vurdera saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 vert difor tillagt liten vekt.

Sendedalen er eit mykje nytta friluftsområde, og om vinteren er det mange som går på ski innover dalen. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga på området og økosystemet jf. nml. § 10. Den totale motorferdsla i området har vore aukande siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrensa motorferdsla for å unngå for stor belastning på naturmiljøet. Grunneigarane/hytteieigarane er oppmoda om å samordne transporten. Det er med å avgrensa motorisert ferdsel i verneområdet. Turane bør gjennomførast på ein til to dagar dersom det er mogleg, for å samla motorferdsla til færrest mogleg dagar.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Frakt av materiale med snøskuter vil vera ein praktisk god løysing som ikkje gjev varige spor i terrenget. Det vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje



påverkar verneverdiane utover den tida transporten føregår. Det er ikkje ynskjeleg med transport frå Myrkdalen over Finnbufjellet til Sendedalen då dette er eit viktig villreinområdet, og eit viktig trekkområde. Snøskuterløype over fjellet kan opna opp for auka ferdsel av skigåarar frå Myrkdalen Fjellandsby, noko som kan gje auka uro for villreinen. Det er ikkje observert villrein på Finnbufjellet siste tida, og det er lite att av skisesongen. Fare for uro av villrein i dette området er truleg liten. Det vert difor gitt løyve til ein tur frå Mykrvesstølen til Holmavatnet i dette einskilde høvet der det er lite snø nede i bygda. Returtransporten skal vera gjennom Sendedalen til rv. 13.

I *Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde* er det gitt føringar om at det ikkje bør gjevast løyve til motorisert ferdsel i perioden 10.04 til 01.07 i eller nær kjende kalvingsområde og dersom det er kunnskap om at villreinen er i området. Tiltakshavar vert oppmoda om å gjennomføra transporten før 10. april dersom det er mogleg ut frå ver- og føreforhold. Forvaltar vurderer transporten til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta og forvaltningsplanen.